

pp Bunnløs sorg etter selvmord

PAROLENS
PROGRAMMET

Johanna tok livet sitt, nær 25 år gamal. Ho var einaste barnet til Ellen Kristvik, som har skrive ei bok om vera mor og miste det kjæraste ho har. «Notat ved avgrunnen», er tittelen.



– Eg har skrive mine notat ved avgrunnen. Gjennom orda har eg klort meg fast, seier forfatter Ellen Kristvik i innleiinga til boka.

– Notata er brotstykke frå ei sundriven forteljing, ei forteljing som vart smadra då eg mista ankerfeste i livet mitt, seier ho. Ei smadra historie må setjast saman på nytt. Det er det desse notata handlar om.

Kvifor?

Det har blitt ei sterk bok, og ei bok som uroar. For akkurat som mora, undrar ein seg: Korleis kunne dette skje? Korleis kunne ei så sterk og tilsynelatande livsglad jente med mange vener, med stort engasjement for naturvern, for flyktningar, snart ferdig med sjukepleiarutdanning, snart på veg til Sør-Afrika som utvekslingsstudent, enda livet sitt med å henge seg i eit tre i skogen på Mariholtet i Oslo. Kvifor?

“ *Å vere næraste pårørande til ei una jente*

som tar livet sitt, - Ellen Kristvik skriv om det, presist, nøktern, nesten stillferdig om den ufattelege fortvilninga over noko så levande som brått er ugjenkalleleg slutt.

Det er ei forteljing om ei ressurssterk åleinemor og dottera. Gjennom små bitar frå livet deira saman, dyrebare minner som også er smertefulle, gjennom mora sine tankar og refleksjonar, gjennom nærgående, men samtidig nøkterne skildringar av livet, veks det fram eit meir samansett bilde av Johanna, ressurssterk, ja, men etter kvart glimt av ei jente med som kan bli gripen av angst og frykt.

– Når var det eg vart klar over at ho sleit? Når var det ho byrja bruke ord som angst og tankekøyr? Og kva var det som låg i det. Eg veit en del og skulle ønske eg visste meir. Kor hardt, og kor dyrebart det var, når ho let meg få del i noko av det ho sleit med, skriv mora.

Aldri nok

Men samtidig såg ho at Johanna fann ein veg ut av det mørke kaoset, gong på gong. Å gå til aksjon og gjere noko med den uretten ho såg, var mange gonger med på å få henne ut av mørke og tungsinn. Som aksjonist trassa ho otte og angst og sto rakrygga opp mot overmakta. Og mora er stolt av Johanna. Men mora skriv også om det grenselause, nakne, engasjementet som dreiv henne utan stans. Det ho gjorde, vart for henne aldri nok, og det ho kjempa mot, var så massivt.

“ *Sorga har mange tonar. Den tar heile meg med lammande tyngde. Den borar igjennom meg som eit lydlaust skrik. Den fløymer i meg med opprivande og forløysande gråt.* ”

Johanna var med på mange aksjonar, ho hadde eit sterkt engasjement for flyktingar og asylsøkarar, ho budde i kollektiv, levde svært enkelt med mat og klede, tok på seg mange oppgåver som det hende ho måtte fullføre aleine, budde ei tid som husokkupant, sto på heile tida, men var samtidig sliten, deltok i demonstrasjonar, hamna på glattcelle.

Mykje går bra, men...

Ho sleit stadig meir med angst og tungsinn. Ho gjekk ei stund i terapi, terapeuten rådde henne til å begynne med antidepressiva, men i denne omgangen vart det til at ho sa nei, skriv mora. Seinare brukte ho medisiner ei stund, men kjente seg bedte og slutta med dei.

Det er mykje som går bra for Johanna. Ho byrjar på sjukepleiarutdanning, trivst på skolen, er helgevikar på Legevakta, jobbar for RadioOrakel, er svært aktiv i asyl- og flyktningsaker.

Men da ho hadde eit halvt år igjen av utdanninga, tar ho livet sitt.

Å vere næraste pårørande til ei ung jente som tar livet sitt, Ellen Kristvik skriv om det, presist, nøktern, nesten stillferdig om den ufattelege fortvilinga over noko så levande som brått er ugjenkalleleg slutt. At ho aldri meir skal sjå dottera i livet. Aldri meir.

– Sorga har mange tonar. Den tar heile meg med lammande tyngde. Den borar igjennom meg som eit lydlaust skrik. Den fløymer i meg med opprivande og forløysande gråt.

Behovet for å vite

Ho skriv om gravferda, og korleis dei mange venene til Johanna hjelper til. Ho skriv om behovet for å vere aleine, men også om kor glad ho blir når ho får hjelp med småting, når Johanna blir nemnt og hugsa. Ho fortel også om behovet for å vite.

– Kvifor, Johanna? Kvifor måtte det skje? Spørsmålet kvernar i meg, med ulike grader av intensitet. Det driv meg til å gå gjennom det eg opplevde, og veit, om den siste tida hennar – om att og om att. Driv meg til å oppspore,

og spørje dei eg kan, om fleire delar av det bildet, skriv ho.

Ho sit til slutt med en haug med brikker som kan peike mot noko, men ho får etter kvart mindre og mindre tru på at ho kan finne eit einaste eintydig svar. Brikkene og bitane strekk ikkje til, dei er fleirtydige. Men dei peikar på at Johanna var svært sliten, samtidig som ho hadde teke på seg store oppgåver:

“ At livet hennar tok slutt, er det mest brutale og valdelege eg har opplevd. Men det ho gav meg, skal ingen få ta frå meg. Heller ikkje ho.

– Det grenselause kravet til eigen innsats var på sitt sterkaste når mismotet greip henne. Da var ho nådelaus mot seg sjølv med omsyn til både kva ho skulle leve opp til, og kva ho skulle få gjort, skriv mora.

Ville det ha hjelpt?

Og som nærast pårørande spør ho seg sjølv: Var det noe som kunne vore gjort annleis, særleg gjeld det kontakten dei hadde dei siste vekene. Men som lesar av boka, må ein stille spørsmålet tilbake: Ville det ha hjelpt? Eg veit ikkje, men det biletet av Johanna som blir tydelegare etter kvart i boka, seier noko om ein vanskeleg psykisk sjukdom.

Og slik avsluttar Ellen Kristvik si forteljing om Johanna: Ho kom inn i livet mitt som ei gjennomgripande erfaring om det som blir gitt oss utan fortjeneste eller vederlag. Eg trur det heiter nåde. At livet hennar tok slutt, er det mest brutale og valdelege eg har opplevd. Men det ho gav meg, skal ingen få ta frå meg. Heller ikkje ho.

Boka er gitt ut på Samlaget forlag og bildet er hentet fra omslaget på boka.



Tekst:

Marie Rein Bore

Journalist